

KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2021

(OPPDATERT STATUS PR 30. APRIL 2021)

PROSJEKT: Nye Førde sjukehus
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 12.05.2021



*Byggegrøp for Livabygget
11mai 2021.*

1. Status regionale byggeprosjekt


På styremøte i Helse Førde den 29. januar 2021 vart det for heilskapen vedteke ei prosjektendring i høve til forprosjektet frå 2018. Helse Vest vedtok på styremøte den 17. februar 2021 denne prosjektendringa.

Delprosjekt Dagabygget er overteke den 19. februar 2021, og kontrakt for Livabygget og Svana 1 vart signert med Veidekke den 23. mars.

Helseføretak	Prosjektnamn	Framdrift	Risiko	Økonomi
Helse Førde HF	Dagabygget	●	●	●
Helse Førde HF	Infrastruktur	●	●	●
Helse Førde HF	Livabygget	●	●	●
Helse Førde HF	Svana 1	●	●	●

2. Framdrift

Hovudframdriftsplan for Nye Førde sjukehus:



3. Risiko

Omtale av avvik og korrigerende tiltak ved eventuelle avvik i høve budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet.

Avvik og korrigerende tiltak vil i rapporteringa bli vist i tabellform som viser alle opne saker:

Type avvik	Prosjekt	Avvik	Tiltak	Merknad ved rapportering
Økonomi	Nye Førde sjukehus	MTU prioritet 2 er teke inn som del av prosjektgjennomføringa med 16 millionar og det er spart ytterlegare 3 millionar på Dagabygget	Budsjett for Livabygget er justert opp med 3 millionar og netto avvik på 13 millionar blir søkte å løyse dette innanfor eksisterande budsjett	Sluttprognose 13 millionar over budsjett, vurderes nærmare ved utgang av august når vi får oversyn over utføreset i grunnen for Livabygget

Rapportering av overordna risikotilhøve (henta frå CA-PPM):

Navn	Kategori	Status	Sannsynlighet	Konsekvens	Beregnet risiko	Løsning
Materialkostnader - økte stålpriser [C-19]	Kost	Arbeid	⬆️	⬇️	12	Overvake situasjonen og avklare så tidleg som mogleg
Budsjetterte kostnadsreduksjonar kan ikkje gjennomførast	Kost	Arbeid	⬆️	⬇️	12	Forankre moglege kostnadsreduksjonar
Endringsbehov knytt til endra tenester og medisinsk utvikling	Kost	Arbeid	⬇️	⬆️	12	Løpande kost/nytte vurdering av innspel. Løfte aktuelle saker til styringsgruppa.
Byggestans og forsinkelser av leveranser pga pandemisituasjonen [C-19]	Kost	Arbeid	⬇️	⬇️	9	Forsiktighetsprinsipp på byggeplass, konservativ tolkning av gjeldande retningslinjer
Operativt samarbeid med entreprenør sviktar	Kost	Arbeid	⬆️	⬆️	8	Prosjektleder følger opp med deltaking i møte saman med Veidekke kvar 14. dag
Utføresette grunnforhold	Kost	Arbeid	⬆️	⬆️	8	Overvake situasjonen og løpande rapportere på økonomiske prognosar
Arbeidstilsynet godkjenner ikkje prosjertert løysing	Kost	Arbeid	⬆️	⬇️	6	Løpande dialog med Arbeidstilsynet og svare ut aktuelle punkt og forklare kvifor vi fremmar løysingane

4. Økonomi

Nye Førde sjukehus har fått endra budsjett og budsjettstruktur. Dette vart vedteke i styresak 007/21 i Helse Vest styret den 17. februar. Totalbudsjettet for Nye Førde sjukehus er auka med 140 millionar. Det vil i tida framover bli rapportert i høve til dette budsjettet.

Oppdatert sluttprognose for fasen og totalprosjektet:

	Akkumulerte kostnader per 31.12.20	Totalbudsjett (i 2021-kroneverdi jf. styresak 007/21)	Siste prisjustering totalbudsjett (01.01.2021)	Siste oppdaterte sluttprognose (12.02.2021)	Kostnader inneverande år (2020)			
					Hittil i år	Resten av året	Estimat 2021	Budsjett 2021
Dagabygget	315 000 000	335 983 584	335 983 584	335 983 584	19 000 000	1 500 000	20 500 000	20 500 000
Infrastruktur	51 000 000	86 256 058	86 256 058	86 256 058	7 939 380	27 316 678	35 256 058	35 256 058
Livabygget	97 300 000	1 044 000 000	1 044 000 000	1 052 000 000	6 312 831	264 074 169	270 387 000	270 387 000
Svana 1	16 230 000	161 026 546	161 026 546	164 000 000	1 992 203	40 432 797	42 425 000	42 425 000
Svana 2	16 821 610	208 999 150	208 999 150	211 000 000	-	-	-	-
Svana 3	-	70 000 000	70 000 000	70 000 000	-	-	-	-
Sum bygg	496 351 610	1 906 265 338	1 906 265 338	1 919 239 642	35 244 414	333 323 644	368 568 058	368 568 058

5. Aktivitetar

5.1. Hovudaktivitetar i perioden

Hovudaktivitetar og oppnådde milepelar siste kvartal:

- Overlevering av Dagabygget i samsvar med milepelen den 19. februar 2021.

- Kontrakt for Livaprojektet signert med Veidekke den 23. mars

5.2. Hovudaktivitetar i neste periode

Nye Førde sjukehus er i ei brytningsfase der mange milepelar er ferdigstilt og vidare gjennomføring er i støypeskeia:

Prosjekt/delprosjekt	Aktivitet	Mileple	Prognose	Merknad
Livabygget	Oppstart gravearbeid	2020-05-03	● 1	Mot Svana i juni
Livabygget	Oppstart pelarbeid	2021-05-19	● 1	Gjennom sommarferien
Livabygget	Igangsettingsløyve 2	2021-09-14	● 1	
Infrastruktur	Ferdigstilt Ambulansekryss	2021-10-01	● 1	
Svana 1	Oppstart sengesentral og plan 1	2022-01-03	● 1	
Livabygget	Oppstart råbygg	2022-01-03	● 1	
Svana 1	Ferdigstilt fysio og auge plan 1	2022-05-31	● 1	
Livabygget	Ferdig detaljprosjektering	2022-05-31	● 1	
Livabygget	Tett bygg	2022-12-19	● 1	
Svana 2	Oppstart planlegging	2023-09-01	● 1	
Livabygget	Test og idriftsetting	2024-04-02	● 1	
Livabygget	Overtaking av bygg	2024-08-22	● 1	

6. Andre områder

Prosjektdirektiv for Livaprojektet er revidert og godkjent i styringsgruppemøte den 13. april. Prinsippa for medverknad skal vidareførast slik vi hittil ar arbeidd med prosjektet, og det blir planlagt med prosjektgruppemøte for Livaprojektet kvar 14. dag.

Brukarmedverknad vil framover bli spissa inn mot realisering av Livaprojektet (Livabygget + Svana 1). Svana 2 vil ha lite fokus i byggeprosjektet i 2021 og 2022.


6.1. Helse, miljø og sikkerheit

Status og arbeid denne perioden:

Delprosjekt Dagabygget er under bygging og er i samsvar med byggherreforskrifta. Totalt er det på Dagabygget fram til no fire personskadar med medisinsk behandling eller fråvær. Detaljar i hendingane er teke inn i tabell for avviksrapportering under kapittel 3.

Prosjektet følgjer standarden for Grønt sjukehus, og det er utarbeidd eigen plan for miljøoppfølging i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Planen omhandlar tiltak og dokumentasjon, og synleggjer ansvar mellom dei ulike aktørane i prosjektet innan miljøområdet med omsyn til avfall, transport, arealbruk og ureining m.m. Dagabygget er no ferdigstilt og miljømål om sorteringsgrad på 80 prosent vart nådd for delprosjektet.

Status for sortering av avfall i Dagabygget er vist nedanfor:



6.2. Informasjonsarbeid

Tabellen nedanfor inneheld det som har vore hovudaktivitetar siste tida og det som på kort sikt framover er prioritert fokus:

Prosjekt/delprosjekt	Kommunikasjonsaktivitet	Mottakar	Dato	Prognose	Merknad ved rapportering
Nye Førde sjukehus	Sikkerheitshandbok byggearbeid	Alle	2019-08	3	Arbeidet må prioriterast og ferdigstillast før sommaren 2021
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Film av Dagabygget	Alle	2021-02	2	Rakkar - råfilm er OK - Produksjon av manus er under planlegging
Delprosjekt 3 - Livabygget	Pressebrief - lokal verdiskaping i Livaprojektet	Eksterne	2021-05	1	I samarbeid med Veidekke får god PR rundt lokal verdiskaping
Delprosjekt 3 - Livabygget	Event - nedlegging av grunnstein	Eksterne	2021-06	1	Lage eit arrangelemnt i samarbeid med Veidekke. Deloppgåve å ta kontakt mot HOD for om mogeleg få Statsråden til å legge ned grunnsteinen.